



, Når vi samlast.'

Bud og Hustad kyrkjelydar



ORDNING AV GUDSTENESTA

Dette er ordninga for familiegudstenester, skolegudstenester o.l. i Bud og Hustad kyrkjer. Forklaringane står til venstre på sida, og gangen i gudstenesta står til høgre. HUGS: VI SOM ER I KYRKJA ER DELTAKARAR I GUDSTENESTA, IKKJE TILSKODARAR. GUD, FADEREN, SONEN OG DEN HEILAGE ANDE VIL MØTE OSS HER.



1. del av gudstenesta
er Inngangen.

Vi syng til ære for Gud, og samlar oss i namnet åt **FADEREN, SONEN OG DEN HEILAGE ANDE** for å høyre kva Gud vil seie oss gjennom det som skjer i gudstenesta.

Dersom det er inntog (prosesjon), reiser vi oss under inngangssalmen, men set oss igjen når presten helsar oss.


Presten seier t.d. noko om den søndagen vi har i dag og om denne gudstenesta.

1 Inngang

Preludium, som forspel til Inngangssalme



Presten opnar helsinga si i namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande.



Vi ber Gud om tilgjeving fordi vi står Han i mot, og for alt vi har gjort gale mot Han og mot medmenneska våre. (synd). På grunn av Jesu død og oppstode vil Gud tilgje, og ved Ordet sitt vil Han sende oss Anden si kraft til å leve rett.

Vi ber Gud hjelpe oss i all vår nød. Her syng vi noko på gresk. Det er fordi vi ikkje skal gløyme at Guds folk i heile verda er samla slik som vi er no.



Dette er same songen som englane song julenatta. Saman med dei og alle kristne får vi takke Gud som kom til oss i Jesus Kristus for at vi skulle bli frelst.

2 Syndsvedkjønning

PRESTEN:

Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

KYRKJELYD OG LITURG:

Heilage Gud, himmelske Far.

Sjå i nåde til meg, syndige menneske, som har såra deg med tankar, ord og gjerningar

og kjenner den vonde hug i hjarta mitt.


For Jesu Kristi skuld ha tol med meg.

Tilgjev meg alle mine synder

og gjev at eg må ottast og elska einaste deg. Amen.

3 Bønerop

KYRKJELYD OG PREST:



Ky-ri - e e - le - i - son, Gud Fa - der, mis - kun - na oss.



Kris - te e - le - i - son, Her - re Krist, mis - kun - na oss.



Ky - ri - e e - le - i - son, Hei - lag An - de, mis - kun - na oss.

4 Lovsong

PREST:

Ære vere Gud i det høgste!


KYRKJELYDEN:



Og fred på jor - da, hjå men - nes - ke som Gud har hug - nad i!



Vi lo - var deg, vi pri - sar deg, vi til - bed deg, vi opp - høg - jer deg.



A - men.



2. del av gudstenesta
inneheld Guds Ord, som
blir lese og forklart. Dessutan
seier vi fram truvedkjeninga
vår, om det ikkje er dåp.



I DÅPEN blir vi Guds born
ved at vi får til gåve alt det
Jesus har gjort for oss. Gud vil
vere vår Far, og vi får vere
Hans born på grunn av Jesus
Kristus. Vi kan seie at
trua på Jesus gjer at Gud
godtek oss. Dette kan vare
heile livet dersom vi stadig
seier Gud kva gale vi har gjort.
(synda vår) og ber Ham om
tilgjeving.

3. del av gudstenesta er bønene.
Vi ber her for
kyrkja og verda. Vi får lov å be til Gud
på grunn av Jesus. Den rette bøna spør
alltid etter kva som er Guds
vilje.



5 Lesing

PRESTEN:

Lat oss høyra Herrens ord!

KYRKJELYDEN reiser seg og syng:



Gud ve-re lo - va! Hal-le-lu-ja, Hal-le-lu-ja, Hal-le-lu - ja.

Preiketeksten for dagen vert lesen.

6 Forsakinga og Trua.

(om det ikkje er dåp)

PRESTEN:

Lat oss vedkjennast vår heilage tru!

KYRKJELYD OG PREST:

seier fram den apostoliske truvedkjen-
ninga:

Eg FORSAKER djevelen og alle
hans gjerningar og all hans åtferd.

Eg TRUR på Gud Fader, den Allmek-
tige....

Eg TRUR på Jesus Kristus....

Eg TRUR på Den Heilage Ande

7 Salme før preika

8 Preika

Forkynnaren kan fyrst be ei kort, fri bøn.
Preika sluttar med eit minneord
og denne lovprisinga:

Ære vere Faderen og Sonen og Den
Heilage Ande,

som var og er og vera skal ein sann Gud
frå æve og til æve.

9 Salme etter preika

10 Kunngjeringar

Her kan somme gongar følge
andre helsingar, og evt. opptrinn.

11 Forbøn

PRESTEN:


Lat oss venda oss til Gud i bøn.

KYRKJELYDEN:



Her - re, høyr vår bøn.

Siste gong:



Her - re, høyr vår bøn. A - men.



Borna blir borne inn før dåpssalmen. Alle reiser seg og blir ståande til dåpsborna er komne til plassane sine. Framfor borna kan det berast eit bilete av Jesus på krossen. Dette krossmerket vert og teikna på borna før dåpen. Dette er Jesu Kristi bumerke som seier kven som skal vere deira Herre for livet, i døden og, for Guds domstol.

4. del av gudstenesta er oftast nattverden. men vert som regel ikkje høgtida i familiegudstenesta. I nattverden blir Jesu lekam og blod gjeve i brød og vin, slik at syndene våre kan bli tilgivne. Til nattverd kan vi gå om vi trur dette (sjå s. 38—43 i «Ordning for Høgmessa»).

5. del av gudstenesta er velsigninga. I Jesu Kristi fred får vi gå ut i verda til teneste for Han.



BUD OG HUSTAD KYRKJELYDAR
1984
Etter idé av BRYN MENIGHET

Om det ikkje er dåp, ber vi no
HERRENS BØN:
Fader Vår, du som er i himmelen.....

12 Kyrkjelydens takkoffer

Under ofringa kan kyrkjelyden syngja ein salme.
Offeret vert samla inn i kyrkjebankane, eller kyrkjelyden kan ofra på alteret.
Etter ofringa kan presten be ei kort bøn.

DÅPSHANDLINGA

Når det er dåp, kjem han her.

Til dåpssalme kan t.d. nyttast
Farao nådde oss like ved stranden.
Vi lå i leir foran Pihakiroth. Klemt mellom havet og hæren i sanden, klemt i vår grav under klippenes fot. Bare en eneste utvei lå åpen: Veien til havet, til døden i dåpen.
Halleluja, halleluja.


Da, i den siste fortvilede stunden, revnet det veldige, håpløse hav. Vi som var døde gikk tørrskodd på bunnen midt mellom vannene, ut av vår grav. Herren gikk med oss, hans utvei lå åpen:
Veien fra døden til livet i dåpen! Halleluja, halleluja.

Jublende løfter vi hellige hender vi som forlengst var fordømt og fortapt. Nyfødt står folket på skinnende strender folket av prester som Herren har skapt. Kanaans hellige frukt skal vi nyte: Vin skal vi skjenke og brød skal vi bryte. Halleluja, halleluja.

13 Sluttsalme

14 Velsigning

PRESTEN:




Lat oss pri - sa Her - ren!

KYRKJELYDEN reiser seg og syng:



Gud ve - re lo - va! Hal - le - lu - ja,



Hal - le - lu - ja, Hal - le - lu - ja.

PRESTEN:

Herren velsigne deg og vare deg.
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. (+)

KYRKJELYDEN:



A - men, A - men, A - - men.

Under den stille bøna som kjem etter, slår ein tre gonger tre slag med ei av kyrkjeklokkene.

15 Postludium

Utgangssalme med evt. uttog (prosesjon)